



Notat

Dato: 23.08.2016
Arkivsak: 2015/10415-5
Saksbehandlar: irevelu

Voss kollektivknutepunkt - status per august 2016

Føremålet med dette notatet er å gi ei orientering om at det er utfordringer med framdrifta når det gjeld arbeidet med utvikling av Voss stasjon som kollektivknutepunkt. Vedlagte notat som er utarbeidd av Rom eiendom på vegne av styringsgruppa for prosjektet oppsummerer situasjonen.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak på møte 19.11.2015 i sak om finansieringsopplegg for nytt knutepunkt på Voss:

- "1. Fylkesutvalet meiner Voss har ei viktig rolle som regionsenter og knutepunkt for kollektivtrafikken.
- 2. Fylkesutvalet godkjener at fylkeskommunen bidrar med åtte millionar kroner i anleggsbidrag til nytt terminalbygg ved Voss stasjon, og at dette vert lagt inn i budsjettet for 2016.
- 3. Fylkesutvalet godkjener at fylkeskommunen bidrar med inntil 23 millionar kroner til ny bussterminal ved knutepunkt på Voss, og at dette vert lagt inn i budsjett for 2016, men legg til grunn at prosjektet er fullfinansiert før anleggsarbeidet vert sett i gang."

Kommunestyret på Voss gjorde vedtak på møte i mai i år om å forsøktere Statens vegvesen sin del av investeringa på 21,75 mill kr.

Utfordringa no er at Jernbaneverket og Rom eiendom ikkje er samd om på kva måte ein skal løyse staten si løvying til terminalbygget. Utbygginga er dermed ikkje fullfinansiert og kan ikkje starte opp. Dette betyr at ein ikkje har kome i gang med utbygginga og at ein mest sannsynleg ikkje klarer å bruke opp løvyinga som er gitt for prosjektet i 2016.

Fylkesrådmannen vil kome attende til finansieringsopplegget for Voss stasjon i samband med handsaming av sak om budsjettet for 2017.

Vedlegg

- 1 Vedlegg - Notat utarbeidd av Rom eiendom